



Ivar Øvretvedt
Kirkegaten 49
5036 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2208 - 19/1063

Saksbehandlar:
Inga Lill Holen
inga.lill.holen@meland.kommune.no

Dato:
17.01.2019

Svar på søknad om fritak for tilknytingsgebyr for vatn

Viser til din førespurnad om fritak for tilkoplingsgebyr for vatn for eigedom gbnr. 24/8 i Meland kommune av 16.12.2018.

Vass- og avløpsgebyr

Med heimel i lov av 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 3 pliktar eigar av eigedom å betale vass- og avløpsgebyr til kommunen når eigedomen vert knytt til kommunal vass- eller avløpsleidning.

Hovudreglane for fastsetting av gebyra går føre av § 4. Gebyra skal etter første ledd vera eit eingongsgebyr for tilknyting og årlege gebyr. Av andre ledd følgjer det at departementet fastsett ramma for gebyra og hovudreglane om utrekning og innkreving, samt at departementet og kan fastsette andre forskrifter til gjennomføring av lova. Det er den enkelte kommune som fastsett storleiken på gebyra i kommunen og gir nærmare reglar om gjennomføring av gebyrværtaket og innkreving av gebyra.

Eingongsgebyr for tilknyting

Du ber om å få fritak for tilknytingsgebyret fordi eigedomen allereie er tilknytt dei kommunale vassleidningane, noko som er bekrefta av Leif Nævdal ved Lindås Rør & Sanitær AS.

Det følgjer av forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 16-3 at plikta til å betale eingongsgebyr for tilknyting oppstår når «en ellers gebyrpliktig eiendom blir bebygd, eller når gebyrplikt for bebygd eiendom inntrer etter lov om kommunale vass- og kloakkavgifter (lova er oppheva og erstatta av lov om kommunale vass- og avløpsanlegg)» § 1. Kommunen skal i forskrift bestemme nærmare reglar for beregning og innkreving av gebyra, jf. forurensningsforskriften § 16-1.

Dei lokale forskriftene til Meland kommune har reglar om tilknytningsgebyr (eingongsgebyr for tilknyting) i § 5 i forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland Kommune. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune er vedteke av kommunestyret den 17.12.2014 med heimel i lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og forurensningsforskriften § 16-1 andre ledd. Etter tredje ledd skal «Eingongsgebyret ... betalast ved tilknyting første gong». Vidare er det bestemt at «Ved ombygging/endring av neverande bygg slik at det vert fleire abonnentar i bygget, skal kvar ny abonnent betale tilknytningsgebyr».

Følgjeleg skal det betalast eit eingongsgebyr for tilknyting når abonnenten vert tilknytta kommunal vass- og/eller avløpsleidning anten direkte eller gjennom privat leidningsnett. Det er tidspunktet for eigedomens fysiske tilknyting som er avgjerande for når gebyrplikta inntreffer.

Kommunen føreset at eigedom 24/8 har hatt offentleg vatn i fleire år. Plikta om å betale tilknytningsgebyr oppstod då tilknytninga fant stad. Kommunen kan likevel ikkje sjå at tilknytningsgebyret har vore blitt betalt.

Kommunen kan ikkje stadfeste tidspunktet for når gebyrplikta begynte å løpe. Då di eigedom har vore tilknytt det offentlege leidningsnettet i fleire år legg kommunen til grunn at eit eventuelt krav om tilknytningsgebyr overfor eigar av gbnr. 24/8 uansett er forelda, jf. lov av 18 mai. 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer (foreldesesloven) § 3 nr. 1, jf. § 10 nr. 4.

Sidan tilknytningsgebyret er eit eingongsgebyr og sidan det ikkje er tale om auking av abonnentar på eigedomen, kan ikkje kommunen krevje nytt gebyr for tilknyting.

Som følgje av det ovannemnde har Meland kommune ikkje eit krav mot eigar av gbnr. 24/8 om betaling av tilknytningsavgift for vatn. Av den årsak vil tilknytningsgebyret for vatn bli kreditert.

Kommunen vil presisera at omstenda rundt tilknytningsgebyret for vatn ikkje gjer seg gjeldande for tilknytningsgebyret for avløp, då eigedomen ikkje er eller har vore tilkopla dei kommunale avløpsleidningane. Kravet om tilknytningsgebyr for avløp vil difor bli ståande.

Årsgebyr for vatn

Eigedom gbnr. 24/8 vil frå dags dato av bli registrert med faste avgifter for vatn, jf. lov om kommunale vass- og avløpsanlegg § 3. Eigar må difor hefte for dei årlege gebyra for vatn i tida framover.

Då eigedom gbnr. 24/8 har vore tilkopla det kommunale vassanlegget utan at det har vore betalt årlege kommunale gebyr for vatn vil Meland kommune sende ut eit krav om tilbakebetaling for desse gebyra snarleg.

Kommunen forstår saken slik at bustaden på eigedom gbnr. 24/8 er ubebodd og vil vere det i ei tid framover på grunn av riving og oppføring av ny einebustad. Det kan i visse tilhøve gjerast fritak for plikta til å betale vassgebyr til kommunen i tida framover. I forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland Kommune § 11 er det vedteke at kommunen etter søknad kan gje fritak for årsgebyret dersom gebyrpliktig eigedom «fysisk blir kopla frå kommunen sitt leidningsnett».

Kommunen vil ta stilling til om det skal gjevast fritak for årsgebyra for vatn dersom vi mottek dokumentasjon på at eigedomen fysisk er fråkopla kommunen sitt leidningsnett for vatn. I den forlenging vil kommunen understreke at ny tilknyting av eigedomen då ikkje krev ny betaling av eingongsgebyr, slik det er presisert i forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 11.

Elles vil kommunen informere om at årsgebyret for vatn og avløp i Meland kommune er inndelt i eit abonnementsgesbyr og eit forbruksgesbyr, jf. forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 6. Abonnementsgesbyret skal dekkje dei forventa årsutgiftene og er like eins for alle abonnementa og betalast per eining. Kva gjeld forbruksgesbyret kan abonnenten velje mellom målt eller stipulert forbruk. Målt forbruk er faktisk vassforbruk målt med vassmålar, medan stipulert forbruk er forventa forbruk hos ein

abonnent fastsett på basis av bygningsarealet. Følgjeleg kan du påvirke forbruksgebyret ved å krevje at årsforbruket skal fastsetts ut frå målt forbruk, jf. forureiningsforskriften § 16-4 anna ledd.

Om du ønskjer å betale gebyr etter målt forbruk kan vassmålar leigast av kommunen. Ved utleige må abonnementen betale alle kostnader knytt til installering og vedlikehald av målaren, jf. forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 7.

Årsgebyr for avløp

Kva gjeld årsgebyr for avløp vil desse gebyra løpe frå då ferdigattest på bygningen er utsendt.

Dersom de har spørsmål eller kommentarar til kravet kan de ta kontakt med Inga Lill Holen på telefon 56 17 14 49 eller pr. epost til inga.lill.holen@meland.kommune.no.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Ivar Øvretvedt

Kirkegaten 49

5036

BERGEN